

Protokoll for årsmøtet i Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA

Tid og stad: tysdag 6. juni 2017 kl. 20:00–22:00 på Hjelmeland Samfunnshus

Frammøtte: Martin Bischoff, Judith Synnøve Svendsen, Stig Almenningen, Hilde Hauge, Henrik Smith, Morten Hetland og Laila Øvrehus.

Sak 01/2017: Godkjenning kven som har stemmerett

Alle dei frammøtte har stemmerett på årsmøtet.

Sak 02/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var kalla inn til årsmøtet ved annonsering i Strandbuen og på Facebook-sida til Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag. Innkallinga blei godkjent. Leiaren orienterte om at styret grunna «unntakstilstand» det siste året ikkje har makta å koma i hamn med verken sakliste, årsmelding eller rekneskap. Årsmøtet slutta seg til at den viktigaste saka likevel var «vegen vidare». Grunna manglande sakliste i forkant av møtet, har møteskrivaren fordelt innhaldet i protokollen, etter beste evne, i passande saksnummer og –titlar.

Sak 03/2017: Val av møteleiar og møteskrivar

Stig Almenningen blei valt til møteleiar.

Morten Hetland blei valt til møteskrivar.

Sak 04/2017: Val av to representantar til å godkjenna møteprotokollen

Judith Synnøve Svendsen og Stig Almenningen blei valde til å godkjenna møteprotokollen.

Sak 05/2017: Økonomi

Det blei ikkje lagt fram revisorgodkjent rekneskap for godkjenning av årsmøtet, men sidan 6 av 7 frammøtte på årsmøtet blir valt inn i det nye styret, får styret fullmakt til å godkjenna rekneskapen.

Leiar orienterte om at laget har hatt ei positiv økonomisk utvikling – no med ca. 190.000 kroner på driftskonto og all gjeld nedbetalt/ettergitt – men at ein framleis må jobba aktivt for å skaffa inntekter og redusera utgiftene.

Hjelmeland Samfunnshus har òg behov for fleire større og kostnadskrevjande investeringar som på sikt må gjerast, for å trygga og styrka vidare drift.

Sak 06/2017: Utskilling av teaterlagsdrifta, overføring til Hjelmeland Ungdomsteater og oppretting av nye Hjelmeland Teaterlag

Det blei vist til årsmøtevedtak frå 2016, der årsmøtet bad styret om å utgreia konsekvensar ved å skilja Hjelmeland Teaterlag frå dagens organisasjon. Avgått leiar i Teaterkomitéen viste til Teaterkomitéen sin SWOT-analyse, og trekte fram hovudkonklusjonen om at ein ser klare fordeler med å ha to forskjellige lag som har det same målet: Mest mogleg aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus. Styret la ikkje fram eiga utgreiing eller tilråding i saka, men dei frammøtte styrerepresentantane på årsmøtet slutta seg til konklusjonen. Årsmøtet blei samde om at det påtroppande styret får i oppgåve å førebu utskilling av teaterlagsdrifta, slik at eigendelane og drifta knytt til teaterverksemda vår blir overførte til Hjelmeland Ungdomsteater, som får i oppgåve å etablera nye Hjelmeland Teaterlag.

Det nye Hjelmeland Teaterlag vil formelt tre i kraft etter vedtak i Hjelmeland Ungdomsteater sitt årsmøte i september 2017, og frå det same tidspunktet skiftar Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA namn til Hjelmeland Samfunnshus SA.

Samarbeidsavtalen med Hjelmeland Ungdomsteater må justerast til å gjelda mellom Hjelmeland Samfunnshus SA og Hjelmeland Teaterlag.

Sak 07/2017: Justering av vedtektene

Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA sine vedtekter blir justerte slik at styret får fullmakt til å vedta budsjett for honorerte styrevervsoppgåver. Utgangspunktet skal likevel vera at styret jobbar dugnadsbasert, men at styret kan velja å honorera styremedlemmer som utfører tenester som ein elles hadde vore avhengig av å leiga inn ekstern kompetanse til.

Sak 08/2017: Val av styremedlemmer

Det blei innleiingsvis informert om at Roger Sjursen har søkt om å tre ifrå sitt styreverv med umiddelbar verknad.

Hilde Hauge fram valnemnda (styret) sitt arbeid med å skaffa aktuelle kandidatar til styreverva, og la fram forslag om Fredrik Hausken, Krister Seljeset og Marianne Hausken Olsen som nye styremedlemmer. I tillegg tek Martin Bischoff og Stig Almenningen attval. Hilde la òg fram forslag om at Solfrid Kleppa får tre ifrå sitt styreverv.


Etter nye benkeforslag og grundig drøfting om kva slags personar ein treng i det nye styret, samt behovet for å sikra vidare kontinuitet i styret, valde årsmøtet ved akklamasjon følgjande styre for 2017/2018:

Stig Almenningen	leiar	1 år	<i>attval</i>
Morten Hetland	nestleiar	2 år	<i>ny</i>
Judith Synnøve Svendsen	økonomiansvarleg	1 år	<i>ny</i>
Marianne Hausken Olsen	styremedlem	2 år	<i>ny</i>
Hilde Hauge	styremedlem	1 år	<i>attval</i>
Henrik Smith	1. varastyremedlem	2 år	<i>ny</i>
Martin Bischoff	2. varastyremedlem	1 år	<i>attval</i>

Stig Almenningen, Morten Hetland og Judith Synnøve Svendsen blei valde som Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA sitt arbeidsutval, og får utvida fullmakt til å avgjera mindre viktige saker mellom styremøta, for å sikra god kommunikasjon internt/eksternt, raske avklaringar og fornuftig arbeidsflyt. Henrik Smith fekk òg formalisert at vervet hans som teknisk ansvarleg blir ein del av styret, i funksjon av vervet som 1. varastyremedlem. Styret får i oppgåve å sikra ein fungerande valkomité til neste årsmøte.


Konstituerande styremøte for det nye styret: måndag 26. juni kl. 20:00–21:30.

Møteskrivar:



Morten Hetland

Godkjent av:


Judith Synnøve Svendsen


Stig Almenningen